

Kyrjeklokka

Nr. 4 - 2013

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

77. årgang

Trusopplæring

Det føregår mange aktivitetar i trusopplæringa. Kateket Beate Nes skriv litt om det, og vi har også fått frivillege frå bygdene til å skrive litt om aktivitetane. Les meir m.a. på side 10.

Tid for bollar og saft med ein flott gjeng på 6-årssamling i Innvik.



Hausttakkegudstenester

Det har vore hausttakkegudstenester rundt omkring i fleire av kyrkjene i det siste. Felles for dei er kyrkjer pynta med markens grøde - frukt, blomster og grønnsaker, og born som går i prosesjon. Vi har glimt frå Innvik og Hornindal (side 3 og 5).

Prosesjon i Hornindal kyrkje.



Knut Gjengedal og kona Solbjørg.

Nye medarbeidarar

Stryn Prestegjeld har fått ny sokneprest, som startar frå nyttår. Vi vil presentere han nærare i neste nummer av Kyrjeklokka, men det kjem litt info om han på side 11.

Les meir om organistvikar Galya Radkova Radeva frå Bulgaria, som både spelar piano og dirigerer kor, på side 13.



Kyrjeklokka ønskjer alle lesarar og medarbeidarar ei velsigna julehøgtid, og eit riktig godt nytt år. Takk for samarbeidet dette året.

Kyrkjejubileum



Lostrupane song under jubileumsgudstenesta i Loen

Stadig er det ei eller fleire av kyrkjene vår som har jubileum. I haust er det Loen, Oppstryn og Nordsida. Jubileumsgudstenestene i Oppstryn

og Nordsida blir etter at Kyrjeklokka er gått i trykken, men vi har reportasje frå jubileet i Loen.

Sjå side 8 og 9

Venner for livet?



Juleandakt
av Halvor Nordhaug,
Biskop i Bjørgvin

I 2013 har vi ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. I møte våre med ungdom hentar vi ofte fram dette biletet som står saman med andakten. Det passar som hand i

hanske med juleevangeliet.

Biletet viser Jesus og den egyptiske munken Menas frå ca. år 600. Det blir gjerne kalla «Jesus og vennen hans» og heng i dag i Louvre i Paris.

Ofte når Jesus blir skildra i kunsten er han tydeleg større enn menneska som omgir han. Men i dette biletet er dei jamlike. Jesus og munken er omtrent like høge, og Jesus legg handa si rundt munken sine skuldrer. Dei er venner og går vegen saman.

Dette er eit bilete som fell i god jord hos ungdom, fordi det viser venner som bryr seg om kvarandre, der den eine ikkje gjer seg stor på den andre sin kostnad.

Jesus vil ikkje vere fjern, men nær. Jesus vil ikkje vere eit uløyst mysterium, men ein venn som gir seg til kjenne og vil vere den fortrulege følgjesveinen gjennom livet vårt.

Biletet minner oss om Jesu ord i Johannesevangeliet: «Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren

veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min». (15,15)

Då Jesus blei fødd og lagd i krubba, blei noko av Gud sjølv overgitt i hendene våre. I Jesus kom Gud oss så nær som det er mogeleg. Han blei ein av oss, ein bror og ein venn.

Ungdom i dag, som ungdom i går, er opptekne av vennskap. Mange har nære venner som betyr mykje for dei, men mange har også opplevd at venner sviktar. Somme veit kanskje ikkje om dei har ein verkeleg venn.

I ungdomsåret 2013 har det vore målet vårt at ungdom, og alle andre, skal få høyre at det her og no finst ein som alltid og under alle forhold vil vere vennen deira, slik han var det for munken Menas for mange hundre år sidan. Jesus er ein venn som ikkje sviktar og som aldri blir klok av skade.

Kan du sjå at munken skjeglar litt med venstre auge? Det er neppe ein glipp frå målararen si side. Med eitt auge

ser han mot Jesus og med eitt auge ser han på vegen som ligg framfor. Slik fortel biletet noko om kva det er å vere ein kristen.

Speler Gud ei rolle i livet ditt? Betyr Jesus noko for deg? Viss ikkje, er det bra at du les dette og får sjå biletet av Jesus og vennen hans. Jesus er vennen som aldri gir oss opp, heller ikkje når vi går bort. Ville det ikkje vore fint å vere vennen hans?



Kristus og abbed Mena. (C) RMN-Grand Palais (musée du Louvre)/ Hervé Lewandowski

Eit barn er fødd i Malawi

Jane og John har fått ein liten gut. Han blei fødd på Kamyana helseklinikk kl. 02:13 og vog 3 200 gram. Både mor og barn overlevde.

Det er inga julestjerne over klinikken i Kamyana. Ingen kongar kjem på besøk med gull, røykelse og myrra. Jane og John Kalikokha har ikkje ein gong våga å tenkje på namn til den førstefødde. Men dei fekk ein plass i fødestova.

– Eg er så glad for at eg kunne føde her! Her blir eg teken godt vare på, og eg kjenner meg trygg. Viss eg hadde fødd heime, ville risikoen for komplikasjonar vore mykje større, seier Jane Kalikokha (19).

Norske kyrkjelydar byggjer helseklinikkar og utdannar jordmødre i Malawi gjennom Kirkens Nødhjelp. Saman gav vi Jane og sonen ein trygg fødsel.

Ventar med å fortelje

Malawi er blant landa i verda med høgaste tal for mødre og born som dør. Her er fødsel og død så nært knytte til kvarandre at ingen har råd til å leggje planar. Jane har bore på løyndomen sin i ni månader, slik norske foreldre gjerne ventar til tolvte veke med å fortelje.



Jane og babyen på helseklinikken

Kvart år dør rundt 300 000 kvinner og 2 millionar born over heile verda i samband med fødsel. 99 prosent av desse

dødsfalla skjer i fattige land som Malawi.

Kirkens Nødhjelp har jobba i Malawi sidan 2002. Dei lokale søsterkyrkjene våre står for 40 % av helsetenestene i landet gjennom Malawis kristne helseforeining (CHAM). Saman byggjer og utstyrer vi helseklinikkar og fødestover og utdannar sjukepleiarar og jordmødre. Seks sjukepleiehøgskular i Noreg har vore med på prosjektet ved å styrkje utdanninga. I tillegg driv vi fleire andre helsefremjande tiltak, blant anna ved å engasjere lokalsamfunn i helsekomitéar for å spreie kunnskap.

Ei julegåve som reddar liv

For 200 kroner kan Kirkens Nødhjelp t.d. gje ei jordmor medisinsk utstyr som reddar liv. Å gje ei mor og eit barn ein trygg fødsel er det beste julegåvetipset frå Kirkens Nødhjelp i år.

Viss du skal på gudsteneste denne jula, håpar vi du vil støtte arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med deg kontantar til juleofferet!

Tekst og foto: Kirkens Nødhjelp

Hausttakkegudsteneste i Innvik

Søndag 3. november var det hausttakkegudsteneste i Innvik kyrkje. Borna bar inn korgar med frukt, så kyrkja vart fint pynta med «markens grøde».

Det var ei fin gudsteneste der fireårningane fekk bok, og 5. klassingane fekk Godt nytt. Søndagsskulen deltok med song. Søndagsskuleborna og nokre av konfirman-tane var og med og dramatiserte underet ved Betesda dammen, då Kari Runde heldt preika. At det fenga, var lydhøyr forsamling det beste bevis på. Det var heilt stille sjølv om det var mange born i kyrkja.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi/saft. Deretter var det ei samling for femteklassingane der dei m.a. øvde på å finne fram i Godt nytt.



Femteklassingane får utdelt Godt nytt.

*Tekst: Ragnhild Vambeset
Foto: Signe Opdal*

God jul 2013!

“Herre Gud, ditt dyre navn og ære
over verden høyt i akt skal være,
og alle sjele, de trette træle
alt som har mæle,
de skal fortelle din ære. “

(Tekst: Petter Dass, jfr. NOS nr. 268)

I bodord – sentralt i vår kyrkje – står det at vi ikkje skal misbruke Guds namn.

Ein Allmechtig, heilag Far er Skaparen, som ser til sitt skaparverk og skapning. Han held oss oppe med gode gåver, som vi takkar for. Livet er stort, og det er ei gåve vi alltid må verne om. Forvaltaransvar har vi og det må vere eit heilag, evigvarande kall.

Vi feirar jul. Den første eigenlege julenatt vart feira i ein stall i Betlehem. Om Jesus-barnet, som tok bustad hos Menneska, kan vi glade syngje i jula.

Elias Blix, diktarprest frå Nord-Noreg, seier:

“Guds fred og vel møtt,
du barn som er født!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!”

Nokre strofer frå julesalme til Elias Blix lyder slik:

“No ljodar ein lovsong
frå alle Guds born,
på alle folks tunger dei kveda.
Så vide som klokkene kima frå tårn,
stig tonar av hugnad og gleda.
Alt kling som i kor:
Guds fred over jord!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!”

“Lat gjetordet ganga
frå grend og til grend,
så vide som tunga kan mæla,
om Sonen som er oss
frå himmelen send
All verdi til siger og sæla!
Syng ut i kvar bygd:
Guds fred ifrå høgd!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!”

(Jfr. NOS nr. 63, strofe (vers) 6 og 7)

Jul er høgtid. Glede og helg treng alle kvart år. Velsigna julehelg og velsigna nytt år ynskjaast kvar enkelt og alle folk!

Tekst: Dagfrid Muri



Konfirmant-jubilantane samla framfor kyrkja saman med sokneprest Harald Runde.

80-års-jubilant: Kåra (Auflem) Sundal

70-års-jubilantar: Dagmar (Auflem) Bjørsvik, Asbjørn Flåten, Bernt Stranden.

60-års-jubilantar: Aslaug (Beinnes) Kvame, Anne Margrete (Brynestad) Vanberg, Kirsti Fløtre, Aud Løken, Brita (Slettenes) Osland, Marit (Sunde) Opheim, Anders Briksdal, Gunnar Nygjerd.

50-års-jubilantane: Dagrunn Briksdal, Ragna (Fredheim) Lindvik, Randi (Galtung) Andreassen, Sigrun (Gjerde) Sunde, Astrid (Gytri) Dalseth, Haldis Solveig Kvamme, Anne Grete (Sunde) Tønning, Audhild Marie (Åbrekk) Anfinsen.

Konfirmantjubleum i Olden

Søndag 8. september hadde soknerådet i Olden invitert tidlegare konfirmantar til jubileumsfeiring. Både 50-, 60-, 70- og 80-årsjubilatar var med på gudstenesta i Olden kyrkje der også årets nye konfirmantar vart presenterte. Deretter var det samling i Singerheimen med god middag og kaffi. Fleire langvegsfarande hadde teke

turen, og det var mange hjartelege gjen-syn. Gamle minne vart oppfriska, og historier vart delte. Dei vakre rammene som Singerheimen gjev, var og med på å gjere dagen til ei minnerik oppleving.

Tekst og foto: Kari Synnøve Muri

Julemesse i Solvang, Olden

LAURDAG 30. NOVEMBER

Kl. 11.00: Opningssamvær. Andakt v/ ACTA-leiar Marius Økland.
Song av Olden Soul Children. Åresal.
Sal av heimelaga handarbeid og matvarer, rømmegraut, kaffi og kaker.
Amerikansk auksjon.

Kl. 14.00: Avslutningsmøte. Andakt v/ Marius Økland.
Åresal. Trekning av loddbøkene. Alle velkomne!

Arr.: Normisjon

Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Anna Marie S. Vatnamo,
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 57 87 33 85
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57874123
Mobil 91184241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Onsdag, torsdag og fredag kl. 10-12
harald.runde@c2i.net

STRYN prestekontor
Kateket Beate Nes
Tlf. 57874812
Mobil 98654244
beate.nes@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57879833
Mobil 94276335
Vikarprest Sigurd Stige
Kontortid:
Tysdag 9-12 og torsdag 9-12

KYRKJEVERJER

Stryn kommune
Lise Katrin Hetle
Tlf. 57874811
Mobil 91327882
lise.hetel@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57879834
Privat tlf. 57879653
Mobil 97084120
Måndag 8-15, torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no



Borna song under hausttakkegudstenesta.

Hausttakkefest i Hornindal kyrkje

Søndag 6. oktober var det hausttakkefest i Hornindal. Kateket Beate Nes og stiftskandidat Sindre Hasselknippe hadde ansvaret for gudstenesta.

Kyrkja var fint pynta med blomster, frukt og grønnsaker, og borna som gjekk inn i prosesjon hadde med seg eple som dei la i korga ved alteret.

Mange av fire- og seks-åringar var møtte fram for å få bøker, og saman med organistvikar Henny Koppen fekk Beate tid til å øve inn enkle songar som borna var med å framførte.

Det var også to dåp, Marion Bugjerde Lillestøl og Sander Hatlenes Flo.



Inngansprosesjonen.

Tekst og foto: Anne Lødemel Honningsvåg



Dåpsborna Marion Bugjerde Lillestøl og Sander Hatlenes Flo, med foreldre og sysken, saman med Beate og Sindre.



Av Jon Ytrehorn

Tankar langs vegen ...



JULA – tid for å sjå, ikkje berre få!

Jula er høgtida for gåver, spesielt til dei små. Det er herleg å oppleve begeistringa hos borna når dei opnar pakkane julafta. Men mange av oss har ei kjensle av at gåvene til borna no har fått eit omfang som nærmast tappar dei for glede. Etter at pakkane er opna ligg eit hav av papir, pakkeband og gâvelappar og ventar på å bli rydda opp. Ein er matt av alt ein har fått. Gleda over kvar enkelt gâve druknar i gâvemylderet.

MEN JULE-DAGANE gir og rom for det som ikkje er utmattande. Som når borna kan sitje på fanget til mor

og far eller besteforeldre som les eller fortel. Juleevangeliet med forteljinga om Josef og Maria og Jesusbarnet i krubba går aldri ut på dato. Ei god høgtlesingsbok er og noko som kan fengsle. Og ikkje minst når vaksne fortel om korleis jula vart feira då dei var små. Då er det som ei ny verd opnar seg for dei små, ei verd med rom for undring og innleving.

DET FINE med julehelga er at då er det tid for ei rikare kontakt mellom generasjonane. Då har foreldre og born meir høve til å vere i lag over tid. Det er også tida då besteforeldre og oldeforeldre som bur utanfor heimen blir ein del av kjernefamilien ved at dei blir inviterte, gjerne henta heim frå Omsorgssenteret. Julehelga er tida då generasjonane ser kvarandre!

*Å vere eit medmenneske er
å vere ei skapande kraft
i andre menneske sitt håp.*

Hallvard Rieber Mohn,
katolsk prest.

NOKO AV det vakraste eg ser er born og tenåringar som møter sine besteforeldre eller oldeforeldre med å gje ein god klem. Det høyrer med til alderdommen at ein får både grå hår, rynker i ansiktet, stivare fingrar, slitne hender og krumma rygg. Forbrukarsamfunnet synest å sjå på denne gruppa som utrangerte og pleietrengande. Når såg du sist eit aldrande menneske som hovudperson i ein

barnet. Men han blir sjølv velsigna av Jesusbarnet. Det viser orda han seier.

DET ER DETTE julebodskapen handlar om: At vi kan opne oss for jula sin hovudperson: Jesus Kristus. At vi kan sjå den gâva han har gitt oss: frelse, håp og evig liv. Og at vi kan bli velsigna av han, slik at vi kan sjå – med hjartet. Sjå dei menneske som fell utanfor vår trygge og lukka kvardagskrins. Sjå dei

med våre hjarte, og handle deretter.

* Sjå for vårt indre auge mengda av born

og unge – mellom 100.000 og 200.000 - som gruar seg til jul. Slik at vi let flaska med alkohol stå når familien med born og unge er samla til jul.

* Sjå asylborna som har budd i landet vårt i mange år, har fått kameratar og nettverk, men som gruar seg for dagen då dei kanskje får vite at dei må reise til eit land dei ikkje kjenner.

* Sjå romfolket, ikkje som ei gruppe vi snarast må kvitte oss med, men hjelpe til eit verdig liv.

JULEEVANGELIET handlar om han som vart eit menneskebarn for at vi skulle bli Guds barn. Det handlar om å ta imot ein kjærleik som gjer at vi ser og kan opne våre hjarte og hender for andre. Og mest for dei som må leve med tapet av eit verdig liv!

*Ditt komme, Herre Jesus, forvandler jordens natt
og bringer lys til mange som føler seg forlatt.
Hjelp oss å gå i dine spor!
La verden se din godhet igjennom dem som tror!*

Julesalmen "Vi ser deg, Herre Jesus"
(NoS nr. 71. v. 3) Av Svein Ellingsen.

*Kjærleik ein har møtt skaper evne til å sjå med hjartet,
ikkje med briller frå dagens marknadsøkonomi!*

reklame? Politikarar omtalar dei eldre i positive vendingar i festtaler. Men i kvardagen blir deira erfaringar og ressursar ofte lite vektlagde. I barnet sine auge derimot er bestefar ein person som fyller ein med forventning og glede. Og ein ungdom evnar å sjå alderdommens skjønnheit hos si gamle bestemor eller oldemor. Kjærleik ein har møtt skaper evne til å sjå med hjartet, ikkje med briller frå dagens marknadsøkonomi!

RETT ETTER juleevangeliet – i kap 2 hos Lukas - står ei vakker forteljing om eit møte mellom generasjonar. Josef og Maria går til templet for å bere Jesusbarnet fram for Herren. Her får dei møte Simeon og Anna. Begge er gamle og ventar på å flytte heim til Herren. Men noko held dei oppe: Dei lengtar etter å sjå barnet som Herren hadde

lova å sende til jord som menneska sin Frelsar.

Gamle Simeon tek barnet i armane sine. Han prisar Gud og seier: "Herre, no let du tenaren din fara herifrå i fred. For augo mine har sett di frelse..." Simeon velsignar

Kyrkjegang før og no

Kyrkjeklokka tok ein liten prat med Kjellaug Øiestad på Blakset om korleis det var før i tida når dei reiste til Innvik til kyrkje.

Kjellaug fortel at ho er både døypt, konfirmert og gift i Innvik kyrkje. Då som no, var det gudsteneste om lag kvar tredje veke. Men folk var flinkare til å gå til kyrkje då enn no, seier Kjellaug. Ho fortel at dei reiste ikkje til kyrkje kvar gong det var gudsteneste, men vi reiste når vi hadde lyst.

Kjellaug fortel om då ho “gjekk for pres-ten”. 20 gonger frå mai – oktober reiste ho til Innvik den sommaren. Same sommaren gjekk ho også på støylen. Ho kom ned frå støylen på Raufjellet om morgonen (om lag 1 ½ time å gå). Så følgde dei båten til Innvik, og kom dit på føremiddagen. Først hadde dei to timar undervisning, så ein pause, og så ei ny økt. Deretter var det å følgje båten heimatt, og gå på støylen til kveldsstellet.

Kjellaug nemner særleg folket frå Robjörgane, som hadde mykje lenger kyrkjeveg enn henne. Dei gjekk ned Blåura til Doksetnausta, og sjølv sagt opp att same vegen etter kyrkjetid.

Ho fortel at dei hadde med seg kle- og skobyte, og niste. Nista åt dei oftast i fjæra. Men sidan mora til Kjellaug var frå Innvik, hende det at dei gjekk innom på besøk til slekta. “Der fekk vi godt skjør”, seier ho.

Det tok nesten ein time å ro over fjorden frå Blakset. Det bytte roarar ved Hildaneset, då var dei halvvegs. Og pres-ten tala i ein time, seier Kjellaug. Då skjønar vi at mykje av søndagen gjekk med til kyrkjegangen. “Men det var kjekt å reise til Innvik-kyrkja”, avslutta Kjellaug.

I følge Kjellaug Øiestad, reiste dei til Hornindal og Hopland til kyrkje noko seinare, etter at det vart bygt vegar.

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo



På kyrkjebakken

Ny salmebok

No er endeleg dei nye salmebøkene komne og dei er i desse dagar på veg ut til heile landet. Første søndag i adventstida i år blir det tatt i bruk ei ny salmebok i Den norske kyrkje: Norsk salmebok 2013.

Ei salmebok som er langt meir innhaldsrik enn forgjengaren, og som slett ikkje berre er til innvortes bruk i kyrkja. Det er 28 år sidan forrige gong vi fekk ny salmebok i Den norske kyrkje, og håpet er at det blir salmefest over heile landet.

Arbeidet med denne salmeboka har vore i gong siden 2004, og den ferdige boka er vedteken av Kyrkjemøtet 2012.

Kyrkjedag for Nordfjord

Ungdom - kultur – tru var temaet for Kyrkjedag for Nordfjord laurdag 9. november 2013 i Vereide kyrkje og på Nordfjord folkehøgskule. November er “ungdomsmånaden” i “Ungdomsåret 2013.”

Hovudgjesten var Vegard Holm, universitetslektor frå Menighetsfakultetet, der han underviste i emnekretsen: “Ledelse og medarbeiderskap.” Han har tidlegare vore dagleg leiar i KRIK (Kristen Idrettskontakt) i 7 år. Han har hovudfag i idrett og leiing, og er aktuell med boka: “På sporet av noe ekte.”

Han er dessutan prosjektleiar for Noregs Kristeleg Folkehøgskolelag sitt prosjekt: “Ungdom, kultur, tro (UKT).” Under kyrkjedagen vart også frivilleprisen i Nordfjord prosti delt ut, for tredje gong. Men sidan bladet gjekk i trykken før kyrkjedagen, får de lese om kven som vann prisen i lokalavisene.

Nordsida kyrkje 40 år

9. desember 1973 vart Nordsida kyrkje vigsla av dåverande biskop Per Juvkam. Dette vil kyrkjelyden feire 2. helga i desember.

Laurdag 7. desember vert det 40-årsfest i kyrkja med mat og program, og søndag 8. desember festgudsteneste med prost Rolf Schanke Eikum, Frotskoddekoret og Nordsida barnegospel.

Alle er hjarteleg velkomne til begge samlingane.

175-årsjubileum i Loen kyrkje

20. oktober feira Loen kyrkje 175-årsjubileum. Prost i Sogn, Kjetil Netland, var prest i staden for vår eigen prost Rolf Schanke Eikum. Dette var også avskjeds-gudsteneste for Netland i Loen.

Gudstenesta starta med pianospel av Sedna Lipai Tomasgård. Ein passende salme å syngje ein slik dag var: "Kyrkja ho er eit gammalt hus". Like eins vart salmen som står på portalen over koret: "Å Herre Krist deg til oss vend" sunge.

Både skuleborna i Loen og Lostrupane var med og kasta glans over gudenesta med songen sin.

Olav R. Faleide hadde attersyn om kyrkjene i Loen (sjå nedanfor).



Sedna Lipai Tomasgård spela i starten av gudenesta.



Song av skuleborna i Loen.

Presten snakka om korleis kyrkjene i Loen har stått i alle slag stormar, ulukker og uver. Kyrkja står der som eit teikn på håp. Teksten denne søndagen var om den barmhjertige samaritanen. Han stansa og hjalp mannen som låg der skamslegen. Presten og levitten gjekk forbi utan å sjå mannen. Samaritanen stansa og tok han med til eit herberge, og betalte for at han skulle få godt stell. Samaritanen syntse seg som ein neste. Presten tok det som eit

bilete på Jesus, som har betalt vår skuld. Han nemnde også TV-aksjonen (som var same dag), som eit døme, der vi kan vere neste for dei som har det vondt.

Ei fin, verdig gudeneste vart avslutta, og etterpå gjekk dei fleste på klubbemiddag i Bygdehuset.

Tekst: Johanna Skogli

Foto: Eivind Haugen

FAKTA OM LOKYRKJA

Kyrkjestaden i Loen er svært gammal, og dette er den tredje kyrkjebygningen på denne staden. Alt i mellomalderen var Loen eige sokn med eigen prest. Steinkrossen ved kyrkjeporten i Loen er tidfest til slutten av 900-talet og er utforma i typisk keltisk stil med sirkelforma skjeringar i kryssinga og holet i midten, som er eit solsymbol. Staden der lagerbua ved den gamle skipseksedisjonen i Loen står heiter Krossvik, og rundt år 1700 vart krossen flytt herifrå til der han står no. Dette indikerer at Loen var ein av dei tidlege kristne gudenestestadene i Vest-Norge, og at den kristne påverkna den i sterk grad kom frå Irland og Skottland.

Kyrkja i Loen er kjend frå før 1360, og det er grunn til å tru at det først var ei stavkyrkje som stod her. Som ein "protest" mot pavekyrkja i Roma etter reformasjonen vart denne riven, og dessutan var betring i økonomi og auke i folketal andre grunnar til at ein trong ei større og betre



Attersyn om kyrkjene i Loen, ved Olav R. Faleide.

kyrkje. Det var ei tømra langkyrkje på 15 x 7 meter, men kor og våpenhus var i stavverk og truleg har koret vore ein del frå den gamle stavkyrkja. På slutten av 1600-talet fekk denne kyrkja galleri og vart måla innvendes. Kyrkja stod lenge utan kyrkjetårn, men i 1707 vart det sett på eit 9 meter høgt kyrkjetårn, finansiert med private gaver. Denne kyrkja var i bruk til dagens kyrkje var bygd i 1837. Men ufullstendig grunnarbeid, vær og vind og perodevis mangelfullt vedlikehaldsarbeid gjorde det nødvendig å bygge ny kyrkje i 1830-åra.

I jubileumsskriftet til kyrkja sitt 150-årsjubileum i 1988 tek lærar og lokalhistorikar Rolv Faleide med eit sitat frå kjeldene sine, og skriv at "Loen kyrkje er truleg teikna utan rit". Det betyr at arkitekten er ukjend, men byggmeisteren veit vi var Elling

Olsen Waldboe som også bygde den åttekanta kyrkja i Innvik. Preikestolen og altartalva var laga omkring 1640 og høyrde med i innreiinga til den førre kyrkja som stod her, og er eit typisk rennessansearbeid frå denne perioden. Truleg prefabrikkert i

Bergen. Klokkearstol og grind kring oppgangen til preikestolen. I kyrkja er det elles teke vare på Christian IIs bibel frå 1550, Fredrik IIs bibel frå 1589, ei messebok frå 1606, Ny Psalmebog frå 1699, Salmebog frå 1702, og Brockmanns huspostill frå 1760. I kyrkja heng også eit trekanta måleri frå kring 1650, og dette er truleg ein del av ein større dekorasjon.

Under taket i kyrkjeskipet heng eit votivskip frå 1600-talet. Ein litt romsleg definisjon av ordet votivskip, er at til dømes ein sjømann som har overlevd eit forlis gjerne sjølv bygde ein modell av det forliste skipet og hengde opp i heimekyrkja som ein takk til Gud for at han kom levande frå hendinga. Offergåve er eit anna ord som kan brukast. Elles heng dei ei minnetavle (epitafium) frå 1670-åra og to måleri frå 1642 og 1675 i kyrkja. Den eine kyrkjeklokka i tårnet er frå mellomalderen, den andre frå 1594. Eit dåpsfat frå 1637 er tek vare på ved Bergen museum, slik at det som er i bruk i dag er frå 1780-åra. Dei omkomne frå rasulukkene i Lodalen i 1905 og 1936 ligg gravlagde ved Loekyrkja, og minnesteinar med namna på dei omkomne er reiste på kyrkjebakken.

Tekst: Olav R. Faleide

Oppstryn kyrkje 150 år

Oppstryn kyrkjelyd har markert 150-årsjubileum på ulike måtar sidan i sommar. Det siste som står att no er høgtidsgudstenesta søndag 10. november. Men sidan det er akkurat i dei dagar Kyrjeklokka går i trykken, blir det ingen reportasje derfrå i denne omgang.

Jubileumsfeiringa starta med Olsok-gudsteneste, og opa kyrkje m/utstilling av gamle gjenstandar heile den veka. Søndag 4. august var det jubileums-

gudsteneste på den gamle kyrkjetufta på Nesje. Og no blir jubileet avslutta med gudsteneste igjen. Etterpå blir det middag og program i Oppstryn grendahus.

Her syner vi nokre glimt frå jubileumsfeiringa så langt.

Oppstryn kyrkje



Nokre av gjenstandane som var utstilte

JUBILEUMSVEKE

med utstilling i Oppstryn kyrkje august 2013.
Kyrkja vår er 150 år.



Altar frå gammal kyrkje. Her stått på Hjelte Hotel. No gitt tilbake til kyrkje.



Gjenstander som finst i kyrkja og som det er fint å få vekk fram. Den store tittelen er frå 1889 og såles frå stavkyrkje som stod på Nesje og vart teken av snøskred.

Under: Olavspjolar laga i Oppstryn, tre laga på starten av 1900-talet, den heit si hognr sydd i 1972.



Under: Frå gudstenesta på den gamle kyrkjetufta på Nesje 4. august.



Glimt frå jubileumsfeiringa

Magnhild Landrø har i samarbeid med TNS Gallup og Kyrkerådet utført eit prosjekt med tittelen “Menighetsbladet, en overlevning eller en mulighet?” Sjølv er ho journalist og redaktør for Menighetsblad for Røa og Ris i Oslo. Ho har fått over kr 180.000 frå Rådet for anvendt medieforskning i støtte til prosjektet.

Undersøkinga viser at 79% av alle som får kyrkjeblad i postkassa, les store deler av innhaldet sjølv om dei fleste lesarane

Alle les kyrkjebladet

sjeldan eller aldri går til kyrkje. Halvparten av dei som les bladet meiner om seg sjølve at dei har lite eller ingen kjennskap til kristendom.

Det mest lesne stoffet er liste over døypte, vigde og konfirmanter. Intervju med bilde blir meir lesne enn kronikkar og andakter. Namn og bilete der ein ser kjentfolk er populært.

Ei spennande heimeside på nettet, er-

stattar ikkje papirutgåva, ifølgje undersøkinga. Dei fleste redaksjonar består av frivillege. Det kjem ut om lag 240 kyrkjeblad i landet.

Resultatet av undersøkinga overraska mange, ikkje minst mediefolk. “Sett med mediemarkedsbriller er det overraskende og imponerende at et blad med så høy leserinteresse og med en så stor tilhørighetsskapende rolle i nærmiljøet kan produseres med så minimalistiske budsjetter, - og uten så godt som en eneste offentlig støttekrone. De som jobber i redaksjonene er trolig i kategorien oppofrende og visjonære,” skriv Landrø.

Eit glimt inn i trusopplæringa

Søndagsskule, kor, speidar, konfirmasjonsundervisning, babysong, familiegudsteneste, dåpssamtale, 6-årssamling, babysong, lys vaken, tårnagentar, ungdomsgudsteneste osv er alt ein del av trusopplæringa i Indre Nordfjord. Dei siste åra har det blitt gjort ein stor jobb med å få dette arbeidet inn i ein plan, og i byrjinga av oktober kom beskjednen om at trusopplæringsplanen var godkjend! (Med nokre atterhald). Framleis står det att ein del arbeid, men dette betyr at vi no har fått god tid til å vidareutvikle det gode arbeidet som alt vert gjort, og til å få på plass nokre fleire tiltak. Målet er at alle born og ungdom får spennande og meningsfulle tilbod



Ca 15 ungar med mødre har vore samla på Betania til babysong kvar onsdag i haust.

om opplæring i den kristne trua gjennom året og livet.

Som nyttilsett kateket har eg ikkje fått skikkeleg oversikt over alt arbeidet endå, men eg gler meg over å sjå alt det viktige frivillige arbeidet som vert gjort, og håpar å få kome rundt og besøke det arbeidet som vert drive av frivillige rundt om kring i bygdene. Det arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomskor, speidar, søndagsskule osv er utruleg viktig! Stor takk til alle som legg ned time på time i dette viktige arbeidet! Dersom du kjenner at du kunne ha lyst å vere med som leiar i noko av dette arbeidet, eller starte opp noko nytt veit eg du er velkommen! DU trengst!

For å få til trusopplæringa trengst det eit samarbeid mellom frivillige, sokneråd og tilsette. Denne hausten har vi hatt vakanse



Sight Sing på nattcup

i fleire av stillingane, og det går dessverre ut over aktiviteten. Men til våren har vi tru på at det vert endring i stabssituasjonen. Om alt går etter planen har vi både ny prest og kyrkjelydspedagog på plass snart. Det opnar for fleire muligheter i trusopplæringa. Når tilsette, sokneråd og frivillige går saman kan vi få mykje spennande til å skje!

Tekst: Beate Nes

Samling for 6-åringar i Innvik

I tråd med trusopplæringsplanen arrangerte Innvik sokneråd ei samling for 6-åringar i haust.

Ein god gjeng 6-åringar med godt humør var samla på Vikane skule. På programmet stod sang, forteljingar, fargelegging og bollebaking.

Bollebaksten gjekk leikande lett, og medan bollane fekk heve og steike, fortalde Ragnhild historia om Bartimeus fra Mi kyrkjebok. Etterpå fekk borna fargeleg-

gje teikningar av Bartimeus og det vart gjort med stor flid.

Nye songar er alltid kjekt og vi fekk lære ein flott song om vennskap.

Vi hadde og besøk av kateket Beate Nes. Ho fortalde om nattverdsmåltidet for eit lydhørt publikum.

Så var det tid for vårt eige måltid med bollar og saft. Denne kveldsstunda gjekk utruleg fort og vi var einige om at dette hadde vore veldig kjekt !



Bollebaking med liv og lyst!



Sjå kor fint det vart!

Tekst og foto:
Bjørge Kvame



Ragnhild fortel fra Mi kyrkjebok.

Oddny under open himmel

Vegane og vegen

Mange kom til Jesus i dei tre åra han reiste omkring i Israel. Bakgrunnane var ulike. Nokre ville sjå han fordi dei hadde høyrte om han. Dei kom fordi dei var nysgjerrige. Andre ville høyre han tale. Andre ville oppleve under. Nokre søkte hjelp i sjukdom. Nokre tilkalla han då dei hadde opplevd død i heimen. Dei søkte trøst i sorga.

Stadane var ulike. Nokre møtte han i synagogen eller templet, men endå fleire møtte han på vegen, ved sjøen, på berget, på ein øyde stad eller på fjellet. Somme tider kunne det vere trangt om plassen, og fleire tenkte: Berre eg kunne kome nærmare han! Det gjorde kvinna som hadde hatt blødningar i tolv år. "Kan eg berre få ta i kapp hans, så vert eg frisk att." Ho ville vere anonym, men Jesus såg henne. Han sa: "Ver frimodig, dotter! Trua di har frelst deg".

Sakkeus var ganske nær han der han sat i treet, men han kom også nær-

mare. "Sakkeus, skund deg og kom ned for i dag lyt eg ta inn i ditt hus!" Mange oppsøkte han, men Jesus tok også kontakt. Tenk berre på då han valde seg læresveinar. I Sykar møtte han ei kvinne ved Jakobsbrunnen som han talte til. Han møtte Tomas som tvilte. Og ein dag stod han ansikt til ansikt med Peter og spurde: "Elskar du meg?"

Alt dette hende for 2000 år sidan. No er vi i dag. Mange stader kan du møte ordet, høyre og sjå og oppleve. Lat oss vere flinke å innby til desse samlingane, og aldri har vi hatt så mange mogelegheiter gjennom tekniske hjelpemiddel som i dag både heime og ute.

Ein gong har eg skrive på første sida i Bibelen min: Det finst berre ein veg til Gud, JESUS. Men det finst tusen vegar til Jesus. Den Heilage Ande er hjelparen. Jesus sa det sjølv: "Eg er vegen, sanninga og livet". Og han fortsette: "Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg":



Altså: Der er berre ein veg som fører til Gud. Det er vegen gjennom Jesus. Den eine vegen har mange namn: Himmelvegen, livets veg, den heilage vegen, pilgrimsvegen for Guds folk. Du går vel på han?

*Gud føre meg, Gud bak meg,
Gud over meg, Gud under meg,
Eg søker din sti Gud
Du leier min fot.
Når vegane blir bratte
og elvane går i stryk,
ver med meg ved dag,
ver med meg ved natt,
ver med meg natt og dag!*

Ny sokneprest til Stryn

Frå nyttår får vi ny sokneprest i Stryn prestegjeld. Kyrkjeklokka vil kome tilbake til eit større intervju med han i neste nummer, men her kjem han med ein kort prestentasjon av seg sjølv.

"Eg heiter Knut Gjengedal og er fødd i Drammen for 51 år sidan. Eg har vakse opp i Ørsta på Sunnmøre. Etter at eg var ferdig utdanna som prest i 1989, har eg mellom anna jobba på bibelskule, høgskule, i Normisjon og som prestevikar/vikarprest på Søre Sunnmøre sidan februar 2012. Eg er gift med Solbjørg og vi har tre vaksne barn. Farfaren min, Ola Gjengedal, kom frå Hyen i Gloppen kommune, så eg har litt nordfjordsblod i meg. Eg ser fram til å begynne som sokneprest i Stryn frå nyttår."

Knut Gjengedal



Salmen min

Av Ingolv Muri

Det kan vere vanskeleg mellom så mange mektige og herlege salmar vi har, å seie at dette er "Min salme". Men sidan dette er eit julenummer av Kyrkjeklokka, må det bli julesalmen "Mitt hjerte alltid vankar i Jesu føderom".

Om denne salmen har eg svært gode minne frå julefeiringa då eg var liten. Når vi hadde ete "julaftasteika", juletreet var kveikt med levande lys, og vi stod i ring rundt treet for å synge, då hadde "Mitt hjerte alltid vankar" ein sikker plass. Det var mange i vår huslyd som kunne denne julesalmen, og det hende vi song alle 8 versa. Sidan har desse orda og tonane følgt meg gjennom livet. Når eg høyrer denne salmen kjem eg lett i julestemning.

Salmen er skriven av Hans Adolph Brorson (1694-1764), dansk biskop og salmediktar.

Brorson var sterkt påverka av pietismen, men han er også kalla "Julens salmedikter". Han har nemleg skrive fleire kjende julesalmar m.a. "Her kjem me, Jesus, dine små -". Salmen "Mitt hjerte alltid vankar" var med i eit hefte, "Nogle Jule-Psalmer", som Brorson gav ut i 1742. Der var 10 salmar for jula, og omlag halvparten av dei er i fullt bruk den dag i dag. I ei noko tillempa norsk språkdrakt er salmen "Mitt hjerte alltid vankar" blitt minst like populær og mykje sunge i Noreg som i heimlandet til Brorson.

Eg har høyrte fleire seie at

"Mitt hjerte alltid vankar" er den vakraste av alle julesongane våre.

Kva er det så som gjer denne salmen så vel omtykt?

For det første vil eg seie at det er eit uvanleg fint samantreff av tone og tekst som gjer denne så verdfull og umisteleg. *M e l o d i e n* skal eg kome tilbake til.

Teksten er sterkt personleg og er skriven med ei djup innleving i juleunderet. Brorson inviterar oss inn i stallen for å meditere over sjølv mysteriet at Guds Son kom til jorda i dei ringaste kår, fødd og lagd i ei lånt krubbe. Sjølv dyra har sin eigen stad å bli fødd. "- skal da min Gud seg skjule i andres stall og strå?"

Kvifor kom han ikkje til jorda i fyrsteleg prakt, under den største høgtid og fest, Han Kongenes Konge? Det er spørsmåla som salmisten dveler ved i denne julesalmen. Men fordi Jesus kom som han gjorde blir "den mørke stall" - "mitt hjertes frydeslott". Og fordi Han vart avvist, det var ikkje plass i herberget, så bed Brorson i salmen "Kom, Jesus, dog herinn!"

Dei to siste versa er ei djupfølt bøn om at Han som vart fødd julenatt må kome inn i hjerte og sinn: "-at du er født her inne i hjertets dype grunn!" Inderleg og vakkert. Heile innhaldet i salmen er viktig for meg, og eg vil gjerne få delta i denne bøna.

Melodien til denne salmen

Mitt hjerte alltid vankar

Mitt hjerte alltid vankar I Jesu føderom,
der samles mine tanker Som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt,
Jeg kan deg aldri glemme, Velsignet julenatt!

Den mørke stall skal være mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære å glemme verdens spott.
Der kan med takk jeg finne hvori min ros består,
når Jesu krybbes minne meg rett til hjerte går.

Men under uten like, hvor kan jeg vel forstå
at Gud av himmerike i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære, det levende Guds ord,
skal så foraktet være på denne arme jord!

Hvi skulle herresale ei smykket for deg stå?
Du hadde å befale alt hva du pekte på.
Hvi lot du deg eie svøpe i lyset som et bånd,
og jordens konger løpe å kysse på din hånd?

Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt
Og stjernefakler brenne, du store himmelhelt
Hvi lot du frem ei trede en mektig englevakt,
Som deg i dyre klede så prektig burde lagt?

En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo,
en svale må ei bede om nattely og ro
En løve vet sin hule hvor den kan hvile få
-skal da min Gud seg skjule I andres stall og strå?

Å, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,
Så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø.
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledes stund,
At du er født her inne i hjertes dype grunn!

er ein folketone, opphavleg frå Vestergötland i Sverige. Den har fått ei "norsk" form, slik han har blitt brukt her i lang tid. Som mange folketonar er også denne litt vemodig, svært vakker, tidlaus og slitesterk. Det er kanskje ikkje minst melodien å takke at "Mitt hjerte alltid vankar" går igjen på julekonsertar og juleplater. Det er mange, både orkester, kor og

solistar som likar å opptre med den.

I ei tid då jula i stor grad er gjort til ein kjøpefest, med mykje overfladisk glans og glitter, er det godt å få dele denne julesalmen av Brorson.

Eg vil gjerne utfordre Svein Sindre til spalten "Min salme".

Då eg var barn var det som hadde med kristendom og kyrkje å gjere noko mystisk og nesten skummelt. Men etter kommunismens fall vart den ortodokse kyrkja igjen opna for folket, og for oss som var unge då var her mykje som var vanskeleg å forstå. Sjølv var eg 24 år gammal før eg vart døypt.

Det seier Galya, som no er vikar for organistane i Stryn. Julaftan 1994 kom Galya Radkova (41) til Norge som muskar med firemannsorkesteret Fjord Band som spelte på Fjordline si passasjerferje mellom Bergen og Hanstholm. Ti år seinare kom ho for første gong til Loen som halvparten av duoen «Just2» og vart her berre ein månad, men sidan kom ho att kvar mai og september i tre år. Då fekk ho tilbodet om jobb på Hotel Alexandra, og med litt anna enn musikk – nemleg servitør. Dermed måtte ho heim til Bulgaria og «ordne opp med livet sitt», som ho seier; selje leilegheit og ting ho ikkje kunne ta med når ho skulle flytte til Norge og Loen for godt. I løpet av dei to månadene dette tok, møtte ho Nikolay igjen og dei var gamle kjende. Han kom på besøk til Loen etter eit par månader, og han fekk også jobb



Galya Radkova er vikar for organistane i Stryn.

Ny organistvikar

på hotellet. No bur dei i Heggelia saman med borna Magdalena (13) og Antonia (3), og i adventstida i fjor tok ho fram igjen yrkesmusikaren i seg og vart vikar for organistane i Stryn og seinare blir det også Innvik prestegjeld. Sidan januar har ho også vore dirigent for koret Olden Singers, og i haust vart ho også vikardiri-

gent for Stryn Blandakor.

Det er så moro at kormedlemmane stadig blir fleire medan vi held på, seier ho og framhevar kor viktig det er å syngje med smil og å ha det moro på øvingane.

Det er eigentleg musikk eg likar å jobbe med, og kor- og kyrkjemusikk er nye utfordringar for meg samanlikna med

det eg har drive med før. Til dømes er piano og keyboard kjent stoff for meg, men orgel blir noko heilt anna og meir utfordrande. Eg er nok eit døme på begrepet «livslang læring», for eg har aldri vore verken organist, dirigent eller tenåringsmor før no, ler ho.

Som oppvaksen i Bulgaria i kommunisttida der kyrkje og kristendom på det næraste var forbode av styresmaktene, har tenesta i kyrkja her i Norge gjeve meg nokre nye opplevingar, fortel Galya.

Til dømes brukar vi ikkje kyrkjemusikk i den ortodokse gudstenesta, det meste går på den menneskelege songstemma. Og folkeleg kulturliv står nok mykje sterkare i kyrkja i Norge enn i Bulgaria, det verkar nesten som om nordmenn har eit meir avslappa og naturleg forhold til kyrkja si enn det dei fleste bulgararar har. Musikk og song er inkluderande same kvar du er og kva du gjer, og barnekoret i Olden har til dømes gjeve veslejentane vår gode opplevingar. Musikk gjer noko med heile mennesket, meiner Galya, og du stimulerer heile hjernen og halve kroppen samstundes. Eg er glad for at lokalmiljøet vil bruke kunnskapen og kreftene mine, og ser fram til å fa stadig fleire oppdrag og engasjement, avsluttar ei entusiastisk Galya.

Tekst: Olav R. Faleide

Foto: Inger Rake

Sagt og høyr

Forbrukarsamfunnet og oss: "Some people are so poor, all they have is money".

"Mange menneske er så fattige, alt dei har er pengar".

"People are being persuaded to spend money we don't have, on things we don't need, to create impressions that won't last, on people we don't care about". (Tim Jackson)

Menneska blir overtalt til å bruke pengar vi ikkje har, på ting vi ikkje treng, for å gjere inntrykk som ikkje varer, på folk vi ikkje bryr oss om".

"Det er med kaffi som elles i livet; mykje av hemmeligheta ligg i bønnene" (Stig Sunde, NMS-U)



Slekt skal følgje slekters gang



Hornindal

Døypte:

- 15/9 Alfred Hove Sollid. For. Susanne Maria Hove Sollid og Tor Marius Sollid
- 15/9 Eilif Kroken Andersen. For. Liv Merete Kroken og Dagfinn Andersen
- 6/10 Marion Bugjerde Lillestøl. For. Anett Mari Bugjerde og Sverre Lillestøl
- 6/10 Sander Hatlenes Flo. For. Mariann Olga Taraldset Flo og Trond Olav Hatlenes

Døde:

- 23/8 Hjørdis Vellene f. 1917
- 16/10 Marie Bergljot Sollid f. 1924

Nordsida:

Døypte:

- 1/9 Othelie Vikestad Dispen. For. Siv-Carina Vikestad og Even Andreas Dispen
- 20/10 Jakob Rand Roset. For. Marianne Roset og Hans-Erik Rand

Døde:

- 15/9 Anna Steinsåker f 1918

Randabygd

Døypte:

- 3/11 Viljar Koppen Tvinnereim. For. Ingeborg Koppen Hessevåg og Torstein Tvinnereim

Utvik

Døypte:

- 1/9 Ruben Hammer Moen. For.: John Bjørn Moen og Barbro Hammer
- 22/9 Oline Kobbeltvedt Årdal. For.: Magne Årdal og Sølvi Kobbeltvedt
- 27/10 Maria Tisthamar Haveland. For: Marius Haveland og Kari-Anne Tisthamar (Døyp i Vereide krk.)

Døde:

- 24/9 Ola Valaker, f. 1928

Innvik

Døypte:

- 23/6 Sara Skåden Hopland. For.: Elmar Hopland og Liv Kristin Skåden (Døyp i Nordsida krk.)
- 20/10 Aleksander Grinvalde Varpe. For.: Ivar Varpe og Kristine Grinvalde (Døyp i Bremanger krk.)

Døde:

- 29/9 Olina Høgalmen, f. 1925
- 24/10 Leif Hilde, f. 1921

Olden

Døypte:

- 29/7 Signe Bråtveit. For.: Jon Bråtveit og Reidun Aabrekk Bråtveit (Døyp i Olden gam. krk.)

Døde:

- 27/8 Anna Marie Eide, f. 1917
- 18/9 Målfrid Beinnes, f. 1918

Oppstryn

Døypte:

- 18/8 Jardar Øverli Nedre-Flo. For. Synne Marita Øverli og Jan-Erik Nedre-Flo. Døyp i Lom
- 29/9 Axel Guddal Kirkeeide. For. Hege Guddal og Jørn Erik Falkevik Kirkeeide

Døde :

- 31/8 Laura Nordtvedt f. 1911
- 10/10 Audun Dårflot f. 1919

Nedstryn

Døypte:

- 18/8 Nora Sunde. For. Rikke Barstad og Lasse Sunde
- 18/8 Marius Maurset Ørjasæter. For. Kristine Maurset og Hans Ørjasæter
- 18/8 Vilma Kjøde Kandal. For. Beate Karin Kjøde og Stig Ove Kandal
- 18/8 Matias Heggstad Lunde. For. Sigrid Heggstad og Endre Lunde
- 22/9 Jakob Gald Vidhammer. For. Rita Margrethe Gald og Gjermund Vidhammer
- 22/9 Ingrid Bøe Eimhjellen. For. Bjarte Magne Eimhjellen og Ingeborg Bøe Eimhjellen
- 29/9 Elvira Hauge-Nesdal. For. Ellen Hilde Hauge og Jan Erik Nesse Nesdal
- 29/9 Lina Langeland Grønmo. For. Liv-Grete Langeland og Roar Grønmo
- 13/10 Matias Sørebo Hopland. For. Gry Merete Sørebo og Øyvind Hopland

Loen

Døypte:

- 1/9 Lars Midaugas Solheim. For. Jolanta Rasmussen og Vegard Solheim



På kyrkjebakken

Faklar på gravene

Kyrjeklokka har fått eit innspel frå ein av kyrkjetenarane. Han oppmodar folk til ikkje å bruke faklar på gravene. Dei kan nemleg øydeleggje gravsteinane, ved at poleringa sprekk. Dessutan

kan det vere brannfarleg. Tenk over det!

Lys vaken

24. november er det Lys Vaken i Nordsida kyrkje, og i fleire andre av kyrkjene. Programmet for Lys vaken

vert omtrent som tidlegare. Samling på laurdagskvelden med mat, lek, film, førebuing av gudsteneste. Foreldre skal vere tilstades. Borna ligg i kyrkja og deltek på gudstesta søndag.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

24. november; Domssundag / Kristi kongedag – Joh 9, 39-41
Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Søndagsskulen Nordsida 11:00 Gudsteneste. LysVaken for Randabygd og Nordsida. Ved Beate Nes og Sigurd Stige. Nattverd. Takkoffer til Sogn og Fjordane Søndagsskulekrins. Innvik 18:30 Konsert med Førde Kammerkor

1. desember; 1. s i adventstida – Matt 21, 1-9
Nedstryn 11:00 Gudsteneste. LysVaken. Ved Beate Nes og Sigurd Stige. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Olden 11:00 Gudsteneste. LysVaken for Loen og Olden. Ved Harald Runde. Takkoffer til Acta, barn og unge Rand skule, Randabygd 12:00 Gudsteneste og kyrkjelydsbasar. Ved Jon Ytrehorn Innvik 15:00 Adventsgudsteneste. Tårnagentane deltek. Ved Harald Runde. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

4. desember; onsdag
Utvik 20:00 Konsert med Vikane blandakor

8. desember; 2. s i adventstida – Joh 14, 1-4
Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige. Takkoffer til Noregs KFUK-KFUM. Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde Nordsida 11:00 Festgudsteneste. Kyrkja 40 år. Ved Jon Ytrehorn og prost Rolf Schanke Eikum. Nattverd

15. desember; 3. s i adventstida – Matt 11, 2-11
Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Takkoffer til Bibelselskapet Omsorgsenteret, Hornindal 16:00 Gudsteneste. Ved Erling Tronvik Olden 16:00 Konsert. Takkoffer til Frelsesarméen Utvik 16:00 Konsert Innvik 18:00 Konsert Hornindal ? Julekonsert. Kollekt

22. desember; 4. s i adventstida – Luk 1, 46-55
-Ljosheim 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Ljosheim kapell Oppstryn 16:00 Vi syng jula inn. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet Nordsida Julekonsert. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet

24. desember; Julaften – Luk 2, 1-20
Randabygd 13:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn Loen 13:30 Gudsteneste. Ved Beate Nes. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp Olden 14:00 Gudsteneste. Lek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp Utvik 14:30 Gudstenest. Ved Harald Runde. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp / Norsk Misjon i Øst Nedstryn 15:00 Gudsteneste. Ved Beate Nes. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp Nordsida 15:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp Innvik 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Frelsesarmeen

25. desember; Juledag – Joh 1, 1-14
Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til NMS Maliprosjektet Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til NMS Maliprosjektet Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til NMS Mali

26. desember; 2. juledag – som juledag
Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Misjonsheimen Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Takkoffer til Sjømannskyrkja. Nattverd.

31. desember; Nyårsafta
Hornindal 15:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Vengen. Takkoffer til diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

2014 Gudstenesteplan pr. 01.11.13.
Kan verte endringar, sjå etter i avisene og på heimesida når det nærmar seg.

1. januar; Nyårsdag (Jesu nammedag) – Luk 2,21
Nedstryn 12:00 Gudsteneste. Utvik 12:00 Gudsteneste

5. januar; Kristi openberring – Matt 2, 1-12
Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Olden 11:00 Gudsteneste

12. januar; 2. s i openberringstida – Matt 3, 13-17
Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved prost Rolf

Schanke Eikum. Innsetjing av ny prest Innvik 11:00 Gudstenestse Nordsida 11:00 Gudsteneste

19. januar; 3. s i openberringstida – Joh 2, 1-11
Loen 11:00 Gudsteneste. Innsetjing av ny prest Utvik 11:00 Gudsteneste Randabygd 11:00 Gudsteneste

26. januar; 4. s i openberringstida – Luk 18, 35-43
Nedstryn 11:00 Gudsteneste Olden 11:00 Gudsteneste Hornindal 11:00 Gudsteneste

2. februar; 5. s i openberringstida – Mark 2, 1-12
Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Innsetjing av ny prest Nordsida 11:00 Gudsteneste Innvik 16:00 Gudsteneste

9. februar; 6. s i openberringstida – Joh 6, 63-69
Utvik 11:00 Gudsteneste Nedstryn 16:00 Gudsteneste

16. februar; Såmamsundag – Luk 8, 4-15
Loen 11:00 Gudsteneste. Bibeldagen Olden 11:00 Gudsteneste. Bibeldagen Hornindal 11:00 Gudsteneste. Bibeldagen

23. februar; Kr forkl dag – Matt 17, 1-9
Nedstryn 11:00 Gudsteneste Innvik 11:00 Gudsteneste Nordsida 11:00 Gudsteneste

2. mars; Fastelavnssøndag – Joh 17, 20-26
Oppstryn 11:00 Gudsteneste Utvik 11:00 Gudsteneste Ålandsleite, Randabygd 12:00 Friluftsgudsteneste Omsorgsenteret, Hornindal 16:00 Gudsteneste

9. mars; 1. s i fastetida – Matt 4, 1-11
Nedstryn 11:00 Gudsteneste Olden 11:00 Gudsteneste

16. mars; 2. s i fastetida – Matt 15, 21-28
Loen 11:00 Gudsteneste Innvik 11:00 Gudsteneste Nordsida 16:00 Gudsteneste

Takk til frivilljuge

Hornindal sokneråd vil takke Kjell Nilsen og Arnfinn Kirkhorn som har stilt opp gratis som vikarar for kyrkjegardsarbeidar i sommar, og alle som var med å opne og låse kyrkja og dei som var med og bygde rullestolrampa. Fredag 6. desember vil det verte medarbeidarfest, der alle som har vore med på frivilljug arbeid vert inviterte.

Jule- og nyttårsfesten

Den tradisjonelle jule- og nyttårsfesten som misjonsforeninga og soknerådet i Hornindal arr. på Omsorgsenteret vert 4. januar.

Bodvar Sølvberg skal ha andakta, og elles vert det som vanleg med gang rundt juletreet og matykt. Sjå nærmare annonse seinare.

Sommerfest og generalforsamling i NMS

Mange gleder allerede seg til Sommerfest og generalforsamling for Det Norske Misjonsselskap (NMS) første uka i juli 2014 – en storsamling der det kommer folk fra alle kanter av landet og kloden.

Stedet er Ekebergsletta i Oslo. Denne gangen inviterer NMS til en storsamling som vil bli spesielt tilrettelagt også for familier, med parallelle opplegg for barn og tenåringer/ungdommer.

Programmet på Sommerfesten blir allsidig og innholdsrikt, med kveldsmøter, seminarer, debatter/forhandlinger, konserter, storbyfest, utflukter, global landsby, mingleområder, internasjonale mattelt, hvilerom, etc. Det blir en egen NMS-campingleir på Ekebergsletta, og over hele byen ellers er det reservert hotellsenger som du kan booke.

SKRUK kommer. Artisten Maria Solheim kommer. Det gjør også biskop Kvarme, forsvarsadvokat Geir Lippestad, det gassiske koret NOVA, gjøglerne Chris og Øystein,



Geir Hegerstrøm – blant mange andre. Og så du!

Påmeldingen begynner allerede før jul, og trenger du mer informasjon akkurat nå, kan du sjekke www.nms.no/gf2014. Program-avisa er klar i november. Ring 51 51 61 00 så sender vi deg Sommerfest-avisa, og du får vite alt du trenger å vite om 2.-6. juli 2014.

Tekst:

Sigurd Egeland, Kommunikasjonssjef, NMS

Julefeiring på Innvik fjordhotell Misjonsheimen

Også i år inviterer vi til julefeiring på Innvik fjordhotell Misjonsheimen. Mange har ikkje familie i nærleiken, og sit åleine i jula. Det er ikkje nødvendig. Her kan du få feire jul saman med andre. Du får alt du treng av mat, det blir mykje sosialt samvær, vi går til gudsteneste i Innvik kyrkje på julaften, vi går rundt juletreet, vi opnar pakkar, - ja, i det heile, vi er som ein stor familie som feirar jul ilag. Vi startar vesle julaften om kvelden, og reiser heim etter frukost 3. juledag. For meir informasjon og påmelding, ta kontakt på post@innvikfjordhotell.no, eller telefon 57 87 49 90.



Frå fjorårets julemiddag.

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca. 15. mars. Redaktør blir Knut Sigurd Gald. Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 20. februar